



VOSS HERAD 2020

INFORMASJON FRÅ "HELSE OG OMSORG" NR: 3

TA GJERNE KONTAKT! ☺

Jenny Eidnes Kjerland Tlf 91638821

Jenny.e.kjerland@granvin.kommune.no

Anne Berit Himle: Tlf 97721276

Anne.b.himle@voss.kommune.no

Trude Kvarekval Lydvo Tlf 95262088

Trude.k.lydvo@voss.kommune.no

HELSE OG OMSORG-VOSS HERAD 2020

I Voss Herad vert me organisert slik; Område Vest (voss sjukeheim), område Aust (Vetleflaten), område Nord (Vossestrand) og område Sør (Granvin). Så har me avdeling for helse og førebygging (Hagahaugen), avdeling for menneske med nedsett funksjonsevne og rus – og psykiatritenesta som ein vil finne sentralt på Voss. Helsesøsterteneste er organisert under oppvekst.

På www.vossherad.no finn du diverse informasjon om samanslåinga. Me anbefaler sterkt å gå inn der å lesa. Me vil at DU skal komme med innspel til oss. Du har sjansen til å bidra- BRUK DEN!

KVA ER AVGJORT TIL NO

Det er frå før avgjort i kommunesamanslåingsgruppa at me skal ha Gericas som fagsystem i Voss herad og at me skal ha GAT, som er turnusprogram/vaktbok. Det vil verte innført årsturnus som eit prøveprosjekt i Granvin. Voss har hatt prøveprosjekt sida mars 2017, dette skal evaluerast hausten 2019.

Dagavdelinga vert utvida

Tilbodet vert utvida til å gjelde to kveldar per veke for unge personar med demens sjukdom.



Anne Berit Himle

KVALITETSHUSET

Eit prosjekt som vert jobba med som skal sette brukar i sentrum og som er basert på krav i lovverket. Det skal verte enklare å finne informasjon der ein skal systematisere arbeidet som vert utført. Det vil vere ein leiarmodul, der leiar kan ha dialog med den tilsette og følgje den tilsette opp på ein heilheitleg måte. Det vil innehalde ein kompetansestige over tre trinn for pleieassistentar, helsefagarbeidarar/hjelpepleiarar og sjukepleiarar. Det vil omfatte pasientsikkerhet, administrasjon, personlege mål og medisinfagleg kompetanse. Ein har eit mål om at ein kjem i gang i løpet av 2019 med å teste ut «kvalitetshuset» på eit område/avdeling.

Tenesteutvikling i Voss Herad

Helse og omsorg skal endra drifta av områda etter modell frå Granvin, som har god erfaring med felles leing og felles bruk av personalressurs i heimetenesta og i institusjon. Det er sett saman ei arbeidsgruppe der det deltek personar frå alle områda, hovudtillitsvalde frå fagforbundet og sjukepleiarforbundet og pårørande-/brukarrepresentant frå Voss og Granvin. Denne arbeidsgruppa skal jobba med korleis ein kan organisere dette på Voss. Første møte var 8. januar 2019



Trude Kvarekval Lydvo

Endring

Verda er i endring og det same er det hjå oss. Me må tenkje nytt og på andre måtar. Dette er skummelt for dei fleste. Mennesket er slik at hjernen vår fokuserer på det negative før det positive. Det tar tid å endra seg. Vær open og sei ja, vær nysgjerrig, still spørsmål, bidra og vær aktiv. Då kan du føle at du har vert med i prosessen og at dine tankar kan vere med å utforme tenestene våre. Kom til oss å still oss spørsmål. Om me ikkje kan svare deg, så skal me gjere alt me kan for å finne svar 😊



Jenny Eidnes Kjerland

Den som har eit kvifor, kan nesten holde ut kva som helst korleis.

Med venleg helsing Anne Berit Himle, Jenny Eidnes Kjerland og Trude Kvarekval Lydvo